



Notat

Dato
LEIKANGER, 03.03.2016

Frå: Fylkesdirektøren for næring

Til: Hovudutvalet for næring og kultur

Årsrapport reiseliv 2015

1. Satsinga på reiseliv

1.1. Innleiing

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har som mål å auke verdiskapinga i reiselivet og skape fleire heilårs arbeidsplassar. I tillegg arbeidar vi for eit prinsipp om eit meir berekraftig reiseliv i Sogn og Fjordane, dette skal vere ein raud tråd i alt arbeid med reiselivsplanen. For å skape fleire heilårsarbeidsplassar er vi avhengig av god tilstrøyming av turistar heile året, særleg i perioden oktober- april som er utanom høgsesong. Sidan 2012 har utviklinga i tal gjestedøgn vore negativ, men ei samanlikning av 2014 og 2015 viser oppgang 4 av 7 månadar og ein samla nedgang på berre - 1 %. For 2013-2014 var samla utvikling i gjestedøgn utanom høgsesong på -10 %. Utviklinga er såleis positiv for 2015.

2015 har vore eit rekordår for reiselivet i Norge. I følgje Innovasjon Norge er dette første året på lenge med vekst i både vinter- og sommarsesong. Utanlandske gjestedøgn har størst vekst på landsbasis på om lag 4 % frå 2014 til 2015. I Sogn og Fjordane har det vore ei samla auke i gjestedøgn på 4,6 % med størst auke i tal hotellovernattningar. Det har vore ein nedgang i tal norske gjestedøgn på 3,4 %, medan tal utanlandske har auka med 16 % i 2015. Hotella i fylket viser til ei auke i losjiinntekt på 7,6 % og ei auke i kapasitetsutnytting på rom og senger. Dette er verd å merke seg, sidan fylkeskommunen brukar ein stor del av ressursane sine på internasjonal marknadsføring gjennom Fjord Norge AS.

1.2. Økonomi

Fylkeskommunen løvdde 6,5 mill. kr. til satsinga reiseliv i 2015 over budsjettet. Tidligare har midlane vorte løvda til styringsgruppa for reiselivsplanen, men denne gruppa vart lagt ned i slutten av 2014. Løyvingane frå fylkeskommunen er øyremerka destinasjonsselskapet, NCE Tourism Fjord Norway og Fjord Norge AS, samt ein liten sum til administrasjon av reiselivsplanen. I tillegg til midlane som vart løvd over budsjettet fekk reiselivssatsinga tildelt kr. 3,5 mill. av INU- FSF styret til å jobbe vidare med tilgjengeleggjering gjennom tilrettelegging av infrastruktur gjennom ulike prosjekt. Det var att restmidlar frå 2014 som vi fekk fullmakt til å disponere saman med midlane for 2015. Til saman var det 4,57 mill. kr. til disposisjon. Av desse vart kr. 3 mill. løvd til prosjekt som søkte om midlar gjennom utlysing på hausten 2015. Dei resterande midlane er løvd til andre søknadar og prosjekt innan reiseliv som vi har fått inn utanom utlysinga.

1.3. Viktige satsingsområder

Arbeidet med reiselivssatsinga skjer gjennom tre programstyre, leia av Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge og næringsavdelinga ved fylkeskommunen. Fylkesmannen har ansvaret for satsinga på berekraftig reiseliv. Til jul 2015 vart forskingsprosjektet «Samspel for

berekraftig reiseliv» avslutta, eit treårig prosjekt som Vestlandsforsking har vore prosjektleiar for. Fylkeskommunen har vore oppdragsgjevar og prosjektansvarleg. Forskinsprosjektet har blitt følgd opp av programstyre for berekraft som er leia av fylkesmannen, der også fylkeskommunen og vestlandsforsking er representert. Endeleg rapport er venta våren 2016.

Saman med Innovasjon Norge og Fylkesmannen arrangerte vi reiselivskonferansen Fjordane frå bre til hav i november 2015 og samla rundt 100 personar frå reiselivet i fylket. Innovasjon Norge var prosjektleiar og jobba tett med ei arbeidsgruppe der fylkeskommunen, Fylkesmannen, NHO reiseliv og Sparebanken Vest var representert. Konferansen hadde fokus på å inspirere, informere og gje aktørane ein samlelass for å byggje nettverk. Det var mange nye ansikt som møtte opp og tilbakemeldingane har vore svært gode.

Innovasjon Norge har ansvar for oppfølging av aktørane med særleg fokus på bedriftsnettverka i fylket. I 2015 har løvvingane til reiselivsnæringane auka og det er særleg fokus på opplevings- og aktivitetsturisme. I tillegg har bedriftsnettverka som mål å styrke bedriftene si lønnsemid gjennom samarbeid om å tilby pakkar av opplevelingar. I 2015 har destinasjonsselskapet og Fjord Norge har samarbeidd om å få på plass ei bookingløysing for aktivitetsbedrifter på heile Vestlandet. Løysinga skal gjere det enklare for bedrifter å nå ut til marknaden med sine tilbod innan aktivitet- og opplevelingar, uavhengig av størrelse på bedrift. Løysinga gjev rom for samarbeid mellom bedrifter slik at ein saman kan tilby pakkar med overnatting, servering og aktivitet til reisande. Løysinga vil bli rulla ut i løpet av 2016.

Norsk reiselivsnæring generelt, og næringa i vår region spesielt, må bli meir kunnskapsbasert og innovativ for å møte nye og auka krav hjå kundane, for å tiltrekke seg kompetent arbeidskraft og kompetent kapital. Det har utvikla seg eit gap mellom dei store byane og distriktsområda. Behovet er stort for ei langsiktig satsing på systematisk kunnskapsutvikling knytt til innovasjon i produkt, tenester og arbeidsmåtar og konvertere dette til vesentleg auke i det regionale reiselivet. Forskinsprosjektet «Strategisk forskningsprogram for innovasjon og verdiskaping i reiselivet» er etablert med ambisjonar om å utvikle eit forskings- og utdanningstilbod der fagmiljøet kan skal gje bidrag og vere eit konkurransefortrinn for eit reiseliv med innovasjonsevne og verdiskaping i verdsklassen. Prosjektet skal være i 5 år frå 2014 til 2019 og er eit samarbeid mellom næringsaktørar, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforsking, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hovudintensjonen med prosjektet er å lage eit forskningsprogram der bedriftene kan sjå konkrete resultat av arbeidet.

Eit anna stort arbeid som er sett i gang er regional cruisestrategi for dei fire vestlandsfylka. Cruisestrategien skal løfte fram relevante utfordringar for den forventa veksten av cruiseturismen i Vestlandsregionen. Strategiar skal omhandle tema som er viktige for regionen og for framtidig verdiskaping i reiselivsektoren. Cruisestrategien skal ta omsyn til ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa og for lokalsamfunn i regionen. Hensikta med ein cruisestrategi er å støtte opp omkring visjonen i den overordna reiselivsstrategien for Vestlandet gjennom klare og målretta strategiar for vidare utvikling av cruise som ein del av reiselivsnæringa i landsdelen. Strategien vert utarbeida av ei arbeidsgruppe etter ei bestilling frå Vestlandsrådet. Arbeidsgruppa har bestått av reiselivsrådgjevarane i dei fire vestlandsfylka og fem representantar frå kommunar som er berørt av cruise. Trond Amland ved Amland Reiselivsutvikling har leia prosessen. Eit utkast til strategien er no klar for høyring og vil bli sak i hovudutval for plan og næring på våren før den vert endeleg handsama i Vestlandsrådet i mai 2016.

Å utvikle reiselivsnæringa er eit arbeid som krev lang tidshorisont for å sjå reelle resultat. I reiselivsplanen jobbar fylkeskommunen, Fylkesmannen og Innovasjon Norge tett saman for å nå måla og lytte til næringa for å innrette innsatsen etter behova. Tala for 2015 er positive og utvikling i tal reisande er venta å auke kraftig i tida fram mot 2030, Sogn og Fjordane må arbeide målretta og effektivt for å ta del i denne utviklinga slik at vi når målsettingane i reiselivsplanen.

1.4. Oversikt over løyvingar i 2015

Midlar og løyvingar	Løyving	Tildelte midlar
Løyving til Fjord Norge	3 000 000	
Løyving til NCE Tourism	350 000	
Admin styringsgruppa for reiselivsplanen	200 000	
Løyving til destinasjonsselskapa	3 000 000	
Samla løyving budsjett og økonomiplan	6 550 000	
INU-midlar sett av til reiseliv 2015	3 500 000	
Rest INU- midlar frå 2014	1 070 000	
Utlýsing av midlar sett av til reiseliv		3 121 000
EM i Vektløfting		500 000
Stiftinga Stadt, Selja og Sankta Sunniva		120 000
Prosjektleiing Segel, klosterstiftninga		16 500
Turstiprosjekt 2015		215 750
GÅ festivalen i Aurland 2015		150 000

Oversikt over tildelte midlar til infrastrukturprosjekt i reiselivet 2015

INU- midlar sett av til reiseliv	Namn på prosjekt	Tildeling
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga	Prosjekt Kystpilegrimsleia 2015	200 000
Årdal utvikling	Vettisriket	100 000
Hestadgrend Grendalag	Besøks/visingssenter for Hestad kapell og Hestad landskapsverneområde	100 000
Visit Sognefjord	Friluftsbussen	250 000
Breogfjell AS	Sognefjordruta - Sogndal - Balestrand på ski	55 000
Hoven Loen AS	Sti- og løypenett i fjellområdet Stryn- Loen	550 000
Selje kommune	Skiltplan	70 000
Balestrand kommune	Vandring og kultur i Balestrand 2015	350 000
Otternes Bygdetun	Shuttlebuss	100 000
Nettbuss Sogn Billag AS	Vandrebuss Aurlandsdalen - sesongutviding 2016	70 000
Visit Fjordkysten AS	Hornelen Via Ferrata	500 000
Lunde Turiststasjon	Via Ferrata i Jølster	50 000
Folven Camping	Klatrefelt Erdalen og Folven Via Ferata	140 000
Nærøyfjorden Verdsarvpark	Tilrettelegging av stien til Brekkefossen i Flåm.	121 000
Sogn Næring AS	Stisykling i Sogn	65 000
Sogn Næring AS	Stisykking	400 000
	SUM	3 121 000